



SAKSHANDSAMAR  
Erik Småland

VÅR REF.  
13/00135-19

ARK. F - Fartøy  
Granvin

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
09.04.2015

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Veteransklaget Fjordabåten  
Postboks 1740 Nordnes  
5816 BERGEN

Jordalund Fyikeskommune

23 MAR 2016

## M/S Granvin - LGDC - tilskot frå statsbudsjettet 2015 kap 1429 post 74

Riksantikvaren syner til søknaden Dykkar av 14.01.2015 om tilskot til nemnte farty i 2015. Søknaden er gjennomgått og funnen tilstrekkeleg.

### MERK:

Vi ber om at heile teksten i dette brevet og i vedlegga vert lesen. Dei fristar og vilkår som her vert gjevne må overhaldast dersom tilskotet skal utbetalast.

### VEDTAK:

*Riksantikvaren gjev med dette eit tilskot i 2015 på inntil*

*kr. 500.000,- frå kapittel 1429 post 74.*

*Tilskota skal dekkje kostnader i samband med restaureringa av akterskipet, særskild til arbeidet med dokumentasjon, demontering og lagring av innreiinga som må fjernast for å koma til med stålarbeidet.*

### Grunngjeving

M/S «Granvin» er eit freda skip som må vidareføre istandsettinga av skroget for å kunne behalde sine sertifikat. Arbeidet med restaurering av akterskipet vart starta med tilskot frå Riksantikvaren, og vert vidareført i 2015. Tiltaket er naudsynt for å unngå større skader og for at skipet skal behalde passasjersertifikat, sikre inntening, finansiere vedlikehaldet og halde oppe den frivillige aktiviteten.

### Retningslinjer og vilkår for tilskot

Vedlagt følgjer *Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet*. Mottakar skal setje seg godt inn i retningslinjene og vilkåra for tilskotet. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget, vert aksepterte og oppfylte.

### Nærare om bruken av midlane

Alt arbeid skal utførast i i tråd med fartyet si historie. Eit hovudprinsipp for antikvarisk arbeid er å skifte så lite som råd av originale materiale. Delar som må skiftast skal erstattast med delar av tilsvarande material tilverka på same måte, og arbeida skal utførast etter same handverksmetodar som tidlegare vart nytta same stad.

Oppstår det tvil om planlagde tiltak er i tråd antikvariske retningslinjer skal Riksantikvaren kontaktast. Dersom retningslinjene ikkje vert følgde kan dette medføre at tilskotet ikkje vert utbetalt.

### **Omdisponering og momsrefusjon**

Ynskjer ein å omdisponere tilskotet skal dette skje etter søknad og i dialog med Riksantikvaren.

Får ein refundert moms på tilskotsmidlane skal Riksantikvaren informerast, og bruken av midlane skal avtalast skriftleg med Riksantikvaren.

### **Rapportering**

Rapport frå arbeid som er utført innan 31. desember 2015 skal sendast til Riksantikvaren innan 15. januar 2016. Sluttrapporten skal innehalde følgjande:

- ei skildring av det som er utført
- foto teke før, under og etter dei utførte tiltaka
- rekneskap

Riksantikvaren vil ikkje handsame nye søknader frå prosjekt som har fått tilskot før vi har motteke rapport frå det utførte arbeidet.

### **Inspeksjonsrett**

Vi syner til § 10 i løyvingreglementet og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nytta som føresett. Med heimel i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12. har Riksrevisjonen same høve til å føra kontroll. Riksantikvaren sin rett til inspeksjon og undersøking fell bort når arbeida er godkjente og tilskotet utbetalt.

### **Aksept av vilkår for tilskot**

Vedlagt følgjer skjema for aksept av vilkåra. Akseptskjema må signerast og sendast til Riksantikvaren innan 4 veker etter at dette tilskotsbrevet er motteke, elles fell tilskotet bort.

### **Høve til å klage**

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. § 28 i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. § 29 i forvaltingslova.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen  
seksjonssjef

Erik Småland  
seniorrådgjvar

**Vedlegg:**

1. Retningslinjer og vilkår
2. Akseptskjema
3. Orientering om fordelinga

Kopi til: Norsk Kulturminnefond, Bergmannsgata 17, 7374 RØROS/ Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020 BERGEN

**Kontering**

Konto:

8719

Koststad:

492

VP (res.mål.):

150200

Post:

142974

Innsatsnummer (fyllast ut etter behov):

Tilskotsnummer:

150740738

Delutbetaling

Avslutta

Beløp:

500.000,-

Bankkontonr. til mottakar (berre ved utbetaling):

Felt for merknad (eventuelt):

Tilskot - M/S «GRANVIN» - LGDC



## AKSEPT AV VILKÅR FOR TILSKOT

Mottakar må stadfeste at retningslinjer og vilkår for tilskotet er akseptert. Det er ein føresetnad for utbetaling at dette skjemaet vert returnert til Riksantikvaren innan 4 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke, elles fell tilsegna bort. Aksepten gjeld både formuleringar i tilsegnsbrevet og i vedlegget om retningslinjer og vilkår.

Riksantikvaren sitt saksnummer (*må fyllast ut*):

Riksantikvaren har gjeve tilsegn om tilskot frå kapittel 1429 post 74 i statsbudsjettet 2015:

Namn/adresse på farty:

Tilsegnsbrev datert:

Tilsegnsbeløp:

Dersom prosjektet har andre finansieringskjeder, må tilskotsmottakar dokumentere at denne finansieringa er i orden i høve til finansieringsplanen før utbetaling kan finne stad.

Vi ber om at anna finansiering vert kommentert her i dei tilfelle der dette er aktuelt.

Vedrørande andre finansieringskjelder:

Eg/vi kjenner retningslinene for tilskotet og aksepterar vilkåra slik dei framkjem i tilsegnsbrevet og vedlagte *retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet 2015 kapittel 1429 post 74.*

Organisasjon/lag/eigar (BRUK BLOKKBOKSTAVAR)	
Kontonummer	Telefonnummer
Adresse	
E-post	
Dato	Stad
Signatur	





## ORIENTERING OM FORDELINGA AV TILSKOT FRÅ STATSBUDEJETTET 2015 KAP. 1429 POST 74 FARTYVERN

### OM TILSKOT FRÅ RIKSANTIKVAREN

I statsbudsjettet for 2015 er det på Riksantikvaren sitt budsjett, kapittel 1429 post 74 Fartøyvern, sett av 60.479.000,- kroner til fartyvern og grunntilskot til Norsk Foreining for Fartyvern.

Når grunnstøtta til Norsk Foreining for Fartyvern og førehandstilsegn gjevne i 2014 er trekt frå står det att kr. 47 mill. til fordeling i 2015. For 2016 er fullmakta på førehandstilsegn det same som for 2015, og det kan difor i tillegg fordelast inn til 12 millionar kroner i førehandstilsegn for 2016.

I Proposisjon til Stortinget 2014-2015 s.109 går det fram at det leggst vekt på følgjande kriteria ved fordelinga av tilskot til sikring- og restaurering i fartyvernet:

- *ålmenn interesse*
- *offentleg tilgjengelege*
- *økonomisk gjennomføringsvilje og -evne*
- *potensial for lokalt engasjement*
- *særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytt til fartøyet.*
- *tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall*
- *fartøy som det finst få av*
- *tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.»*

Med utgangspunkt i desse kriteria vert det særleg lagt vekt på følgjande tilhøve:

- Fartyet eller fartytypen sin kulturhistoriske betydning for norsk maritim verksemd.
- Fartyet sin fysiske tilstand og graden av autentisitet.
- Realismen i prosjekta ut frå eigar sin kompetanse, eigeninnsats og anna finansiering.

Riksantikvaren krev at alt arbeid vert utført i tråd med antikvariske retningslinjer og av handverkarar med antikvarisk kompetanse.

Elles legger Riksantikvaren vekt på å få ei rimelig geografisk fordeling av ressursane. Dette kan variere noko frå år til år, men i eit langsiktig perspektiv bør alle landslutane få ein rimeleg del av tilskotmidlane. På same vis bør omsynet til representativitet ivaretakast ved at midlane vert fordelte på eit bredt spekter av fartytypar.

### SITUASJONEN I 2015

Det har kome inn søknader frå 149 farty og 2 SAVOS-fylke på til saman kr. 190 mill. kr. for inneverande år. Riksantikvaren sitt budsjett for 2015 og høve til å gje førehandstilsegn for 2016 dekkjer difor berre kring 32 % av den samla søknadsmassen. Dette gjer at farty som



oppfyller kriteria for tilskot og/eller fell inn under Riksantikvaren sine prioriteringar likevel kan få avslag eller redusert beløp i høve til søknaden.

Innafor tildelingskriteria frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren difor gjort ei ytterlegare prioritering som kjem fram av lista under.

**PRIORITERAST I 2015:**

1. Freda farty.
2. Tilskot til større farty som står i fare for å miste sertifikatata uten utbetringar. Fleire har pålegg frå Sjøfartsdirektoratet som medfører relativt store kostnader.
3. Få farty av slipp og/eller ut av dokk.
4. Vidareføre / fullføre igangverande prosjekt.
5. Rimelig geografisk fordeling.
6. SAVOS-ordninga, der Riksantikvaren deltek med same beløp som dei einskilde fylkeskommunane.

**PRIORITERAST IKKJE I 2015:**

1. Kosmetiske tiltak.
2. Tilbakeføringar/endringar som ikkje er ein integrert del av andre igangverande tiltak.
3. Igangsetjing av nye, store prosjekt med høg kostnad eller der tilstanden er ukjend.
4. Tiltak som ikkje direkte kjem fartya til gode, som ulike formar for formidlingsprosjekt o.l.

Elles gjeld følgjande:

**RIKSANTIKVAREN STØR IKKJE:**

1. Tiltak som skal heve standarden.
2. Tilpassing for frakt av passasjerar, der dette medfører ombygging av farty som er bygde for anna bruk.
3. Tryggleik / redningsutstyr som flåtar, redningsvestar og liknande.
4. Tilskot til farty i offentleg eige (stat, fylkeskommune, kommune).
5. Andre ikkje-antikvariske tiltak.

**SØKNADSRIST FOR 2016**

Dato for søknadsfrist for tildeling av midlar til fartyvern i 2016 vert offentleggjort i god tid på Riksantikvaren si heimeside.





## **RETNINGSLINER OG VILKÅR FOR TILSKOT FRÅ STATSBUDDSJETTET KAP. 1429 POST 71-79.**

**For at tilskotet skal utbetalast må arbeida/tiltaket/aktiviteten vere gjennomført som spesifisert i tilskotsbrevet og retningslinene og vilkåra nedanfor må vere følgde.**

### **Informasjonsplikt**

Mottakar av tilskotet skal melde skriftlig frå til Riksantikvaren dersom nokon av føresetnadene for prosjektet - teknisk/faglig, økonomisk eller framdrifta – har endra seg. Likeeins skal det meldast frå dersom det oppstår noko uføresett. Det må søkjast særskild om å få omdisponere tilskotsmidlar til andre delar av prosjektet eller andre tiltak.

### **Forsikring**

Det er ein føresetnad at bygg, anlegg eller farty som tek imot tilskot er forsikra. I særskilde høve kan Riksantikvaren fråfalle kravet om forsikring.

### **Aksept**

Mottakar av tilskotet må stadfeste at retningslinene og vilkåra for tilskotet er aksepterte. Det er difor ein føresetnad for utbetaling at skjemaet for aksept av retningslinjer og vilkår for tilskot vert returnert til Riksantikvaren innan fire veker etter at tilsegnsbrevet er motteke, elles fell tilskotet bort. Aksepten gjeld både formuleringar i tilsegnsbrevet og i dette vedlegget.

### **Utbetaling**

Tilskotet kan utbetalast når mottakar ber skriftleg om dette. Brevet skal innehalde dokumentasjon på at arbeida/tiltaket/aktiviteten er sett i gang eller er utført. Eventuell utbetaling på førehand må avtalast særskild for kvart einskild høve.

Riksantikvaren tek atterhald om å kunne halde attende heile eller delar av tilskotet fram til sluttrekneskap og rapport er motteke.

### **Rapport og regnskap**

Snarast råd, og seinast 3 månader, etter at prosjektet er avslutta, skal det sendast rekneskap og sluttrapport. Dersom arbeida går over fleire år skal det sendast inn rapport og rekneskap for kvart år innan 15. januar eller innan fristen som er gjeve i tilskotsbrevet.

Rapporten skal innehalde relevant dokumentasjon der det går fram korleis arbeida/tiltaket/aktiviteten er gjennomført og om måla er nådde. Sjå tilskotsbrevet for nærare informasjon om krava til rapportering.

Riksantikvaren kan krevje at prosjekt som tek imot tilskot sender kopi av bilaga til rekneskapen. Kulturminneforvaltinga kan krevje attestasjon frå revisor. Nærare retningslinjer for dette finst i Finansdepartementet si rettleiing:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/okstyring/veileder\\_etablering\\_og\\_forvaltning\\_av\\_tilskuddsordninger.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/okstyring/veileder_etablering_og_forvaltning_av_tilskuddsordninger.pdf) under pkt. 5.8 *Bruk av revisorattestasjon*



### **Løyvingsreglementet**

Vi syner til § 10 i løyvingsreglementet og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nytta etter føresetnadene. Riksrevisjonen har same høve til å føra kontroll med heimel i lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

### **Tilbakebetaling**

Riksantikvaren tek atterhald om at tilskotet kan bli kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysingar. Dette gjeld også dersom kostnadane syner seg å bli vesentleg lågare enn budsjettert i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føresett.